

ODDA FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2017

Odda, 7.3.2018

Eivind Tokheim

John Helge Rasmussen

Mariann Nordstoga Berge

Britha Sandal

Ørjan Angell

Innhald

Ullensvang statsallmenning.....	3
Odda fjellstyre 2016-2019	3
Hardangervidda fjelloppsyn	3
Fjellstyrehytter.....	4
Utleige av fjellstyrehyttene.....	4
Villreinjakt.....	4
Småviltjakt	5
Fiske	6
Økonomi	6

Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Odda kommune og Ullensvang herad, og er på 819 km². Delen av statsallmenningen som ligg i Odda kommune utgjer om lag 308 km².

Odda fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Eivind Tokheim (leiar)	Audun Kvandal
John Helge Rasmussen (nestleiar)	Jarle Vangen
Mariann Nordstoga Berge	Jan Ove Vintertun
Britha Sandal	Bjørn Buer
Ørjan Angell	Oddrun Løyning

Fjellstyret hadde i 2017 tre møte. Det blei handsama 20 saker.

Utbetringar på Belebu blei vidareført i 2017. Resten av ytterkledninga vart bytt ut. Gang mot Litlos vart ordna og klargjort for utleige av personlege utstyrs-kassar. I Bjørnavassbu blei det montert solcellepanel, bygd nye kjøkkenløyningar med plass til gasskomfyr, og skifta vindauge mot aust. Fjellstyret kjøpte inn oppbevaringskassar som er plassert i Belebu og Bjørnavassbu. Oppbevaringskassane blir leigd ut for eit eller fem år i slengen. Det kostar 600,- å leige dei på åremål, og 2500,- for ein periode på fem år. Dette har vore populært, og det er no sju oppbevaringskassar i Belebu og seks oppbevaringskassar i Bjørnavassbu.

Fjellstyret har oppretta heimeside under felles portal med dei andre fjellstyra på Hardangervidda: www.hardangervidda-fjellstyra.no. Heimesida er nytta til å informere om vedtak gjort av fjellstyret, samt reinsjakt og hytteutleige. Fjellstyret nyttar også Facebook aktivt til å informera om reinskort, hytteutleige og anna.

Representantar i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning: Eivind Tokheim (nestleiar), John Helge Rasmussen, Ørjan Angell
Representant i villreinutvalet: Ørjan Angell
Styremedlem og nestleiar i Fjellstyra på Hardangervidda: Eivind Tokheim (vara John Helge Rasmussen)

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Odda fjellstyre har frå og med mai 2017 leigd sekretærtjenester frå HF, samt enkelte felttjenester. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

Fjellstyrehytter

Odda fjellstyre har tre hytter i statsallmenningen: Belebu ved Kvennsjøen, Bjørnavassbu ved Nedsta Bjørnavatnet og Langavassbu ved Langavatnet.

Utleige av fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret. Fjellstyret har hatt ein søknadsfrist for leige midt på sommaren, og ein søknadsfrist for leige i reinsjakta. Kven som får leige blir avgjort ved trekking når det er fleire som ynskjer å leige i same perioden. Nettsida og facebook har blitt brukt for å gjere utleigeordninga kjent, og opplyse om kven som har fått tildelt leige. Midt på sommaren er Belebu svært populær, medan det er mindre etterspørsel etter Bjørnavassbu og svært lite etterspørsel etter Langavassbu. I reinsjakta er Bjørnavassbu mest brukt.

Hyttene blei leigd ut for 90,- per seng/døgn, ei auke frå 80,- i 2016. Hytteleiga utgjort 59.720,- i 2017, fordelt på hyttene slik:

Belebu	29.980,-
Bjørnavassbu	25.560,-
Langavassbu	4.180,-
Samla:	59.720,-

Villreinjakt

Kvota for Hardangervidda var i 2017 6012 dyr, fordelt på 2105 frie dyr og 3908 simle/ungdyr. På kvart simle-/ungdyrkort kunne det i tillegg fellast ein kalv. Odda fjellstyre hadde ei kvote på 67 frie dyr og 124 simle-/ungdyr inkludert kalv. I tillegg kjøpte fjellstyret 10 frie og 14 simle-/ungdyrkort frå Ulvik fjellstyre.

Kortretur

Fjellstyret hadde kortreturordning i jakta, slik at dei som ikkje fekk brukt korta kunne levere dei inn att og få refundert deler av summen dersom fjellstyret fekk seld korta vidare. Alle som hadde søkt fekk tilbod om kort før jakta. Vi fekk vidareseld korta til dei 6 første jegerane som leverte inn korta sine.

Kortsal

Alle korta fjellstyret var tildelt blei seld. Det blei seld kort for til saman 281.410,-. Kortsal og utlevering blei gjort som tidlegare år, med betaling ved utlevering før jakta.


Felling

Tabell 1: Fellingsresultat på Odda fjellstyre sine kort.

	Bukk	Simle	Ungdyr hann	Ungdyr ho	Kalv	SUM
Felling på HA 281	30	14	7	0	9	60

Det blei felt dyr på 55 av korta til Odda fjellstyre. Det gir ei felling på 28,8 % av korta. I tillegg blei det felt sju dyr på korta som blei kjøpt av Ulvik fjellstyre. Det blei jakta bra med dyr fram til månadsskiftet august-september, og svært lite i siste del av jakta. Siste dyr blei jakta 8. september.

Ved jaktstart stod ein del flokkar på Hordaland, og dei fyrste dagane av jakta trakk meir dyr nordvestover og inn i Hordaland. Det var særskilt mykje dyr på Eidfjord. Nordvestleg vindretning den fyrste perioden av jakta førte til ei god jakt på Eidfjord, og til dels også på Ullensvang statsallmenning. Eit par veker ut i jakta skifta veret til austleg vindretning. Dette vara ut resten av jakta, og jaktutbytet i Hordaland etter månadsskiftet august-september var difor dårleg. Samanlikna med dei siste åra var det unormalt lite dyr i sørlege deler av Hardangervidda denne jakta.



Figur 1. Posisjonar frå GPS-merka dyr i perioden 20.8-30.9.2017.

Fredingssonene som blei oppretta i 2013 gjaldt også i 2017. Fredingssonene blei innført for ein femårsperiode. Ordninga skal evaluerast før jakta i 2018.

Småviltjakt

Småviltjakta blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Fellesstyret freda rypa for jaktseongane 2016-17 og 2017-18. Omfanget av småviltjakt har difor vore svært avgrensa dette året.

Fiske

Det blei innført ei ordning med garnkort til utanbygdsbuande for nokre år sidan. Ordninga blei teken opp att i 2017. Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre kunne selja inntil 10 vekeskort kvar. Korta kosta 500,-, og gjaldt for fylgjande vatn i perioden 1. juli til 15. august: Grøndalsvatni, Kvennsjøen, Midtra krokavatn, Nedsta Krokavatn, Nedsta Bjørnavatnet og Øvsta Bjørnavatnet. Det ble ikkje seld garnkort frå Odda fjellstyre i 2017. Sidan Odda fjellstyre sine hytter så å seie utan unntak er leigd ut til innanbygdsbuande, er det få utanbygdsbuande som tek kontakt med fjellstyret. Ordninga med garnkort til utanbygdsbuande kan med fordel evaluerast før 2018-sesongen.

Sal av fiskekort utanom garnkort til utanbygdarar blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Meir utfyllande informasjon om fiske i årsmeldinga frå Fellesstyret.

Økonomi

Fjellstyret hadde i 2017 ein omsetnad på 398.452,-. Utgiftene var på 402.312,-, noko som gav eit underskot på 3.860,-. Fjellstyret er i stor grad avhengig av høg reinskvote for å ha sunn økonomi.